



Saksnr
16/2065-6

Løpenr
31872/16

Arkivkode
A10 &00

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/TKV10590

Dykkar ref

VEDTEKTER KOMMUNALE BARNEHAGAR GJELDANDE FRÅ 01.01.17

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Klepp bygger på Lov om barnehager m. forskrifter.

§1. EIGARFORHALD

Klepp kommune eig og driv barnehagen.

§2. FORMÅL

Barnehagen blir driven i samsvar med:

- §§ 1 og 2 i [Lov om barnehager](#)
- Kommunale vedtak og planar.

§3. ANSVARLEGE STYRINGSORGAN

1. Hovudutval for levekår er ansvarleg styringsorgan for dei kommunale barnehagane i Klepp kommune.
2. Styrar har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret ved den einkilde barnehagen.
3. Samarbeidsutvalet er barnehagen sitt rådgjevande organ.

Blir samarbeidsutvalet erstatta med driftstyre er driftstyret barnehagen sitt styringsorgan.

Sjå Sak 37/12 i Hovudutval for skule og barnehage, 22.11.12, om driftsstyre.

§4. OPPTAK

OPPTAKSREGLAR, KOMMUNALE BARNEHAGAR.

Familien må vera busett i Klepp for å ha plass i kommunal barnehage i kommunen. Barnehagesjefen kan, etter grunnlagt søknad, gjera unntak frå denne regelen.

- Dersom familien flytter ut av kommunen, kan barnet etter søknad få behalda plassen ut barnehageåret. Det må dokumenterast at det er søkt barnehageplass i den nye kommunen.
- Dersom barnet blir eit år innan utgangen av oktober, og familien kan syna til flyttedato til Klepp kommune i løpet av hausthalvåret, kan barnet etter søknad bli med i hovudopptaket.



1. § 13 i Lov om barnehager:

Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-1 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.

Dersom disse barna har barnehageplass i egen skulekrets har dei ikkje prioritet til byte av barnehage. Etter fagleg vurdering av PPT kan det gjerast unnatak frå denne regelen.

2. § 12 a i Lov om barnehager

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Vidare prioritering av dei barna som har rett til barnehageplass etter § 12 a er slik:

2 a

Søsken som har rett på barnehageplass blir prioritert til same barnehagen.

2 b

Barn av flyktningar, så lenge foreldra er med i lovpålagd introduksjonsopplegg. Dette må vera dokumentert av flyktingetenesta.

2 c

Ved opptak elles vil dei eldste barna bli prioritert og trekt fyrst. Berre barn som har rett til barnehageplass blir med i trekninga.

3.

Prioritering for opptak til eventuelle ledige plassar utanom hovudopptaket. Det vil sei for dei utan rett til barnehageplass.

3 a

Barn av flyktningar har rett til prioritet ved opptak i barnehage, så lenge foreldra er med i lovpålagd introduksjonsopplegg. Dette må vera dokumentert av flyktingetenesta.

3 b

Barn med spesielle behov, eller vansker familien har, som det ikkje er naturleg at § 13 femnar om. Dette må vera dokumentert av faginstans.

3 c

Ved opptak elles i året blir ledige plassar tildelt etter fødselsdato til barnet. Dei eldste barna blir prioritert fyrst. (Dette gjeld barn utan rett til barnehageplass, både tilflyttarar og barn som er for unge)

§ 5. BETALING

Det må betalast for barnehageplassen frå den dato som er tildelt og takka ja til.

Det er til ei kvar tid den nasjonalt fastsette maksimalprisen med modersjonsordningar som gjeld.

Betalingsfrist er den 15. i kvar måned. Uregelmessig betaling fører til at barnet mister plassen.

Den nasjonalt fastsette maksimalprisen er i fordelt på 10 ratar. Juli og august er betalingsfrie månader.

§ 6. OPPSEIING

Det er ein måned oppseiingstid for tildelt barnehageplass.

Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar måned og oppseiing må leverast skriftleg (sjå egne rutinar på heimesida til Klepp kommune).

§ 7. OPNINGSTIDER OG FERIE

Barnehage, SFO og skule har same oppstartsdato i august.

SU/ driftsstyret i den enkelte barnehage fastsett den daglege opningstida og ferieordningar innafor følgjande regelverk og barnehagen sine økonomiske rammer.

- Maksimal opphaldstid for det enkelte barn er 9 t. pr. dag.
- Alle barn skal ha minimum 5 veker ferie i løpet av eit barnehageår. I perioden 1. juni – 15. august skal barna ha 4 veker ferie. 3 av desse skal vera samanhengande. Ferien i barnehagen må vera avvikla før barnet startar i SFO.
- Barnehagane er stengde jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl. 13.00.
- Det er sett av 5 planleggingsdagar i året for personalet i barnehagane. Desse dagane er barnehagane stengde.

§ 8. BEMANNING OG LEIING

Bemanning og leing må vera i tråd med barnehagelova §§ 17 og 18 med forskrifter.

§ 9. LEIKE OG OPPHALDSAREAL PR. BARN.

Klepp kommune har vedtektsfesta norma for leike- og opphaldsareal pr. barn i alle kommunale barnehagar til å vera:

0 – 3 år og funksjonshemma: 5,5 m².

3 – 6 år: 4 m².

§10. VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar i desse vedtektene krev vedtak i hovudutval for skule og barnehage.